

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 31. januar 2013
Tid: kl. 09.30
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir vara medlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at vara medlemmer kan innkallast.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l., blir berre sende til medlemmer/vara medlemmer.*

Sakliste:

01/13 Godkjenning av protokoll 14.11.12

02/13 Referatsaker 31.01.13

03/13 Budsjett for Suldal kommune 2013

04/13 Årsmelding Suldal kontrollutval 2012

05/13 Rapport selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS (IKA)

Eventuelt

Aksdal, 24.01.13

Sverre Underbakke
Kontrollutvalsleiar


Odd-Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 03/13)
Vara medlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	31.01.13	01/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.11.12

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.11.12

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.11.12 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 24.01.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 14. november 2012 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalsleiar Sverre Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 09.30-14.00 (pause kl. 11.30-12.10)
MØTANDE MEDLEMMER:	Sverre Underbakke (H), Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV), Solveig Sukka (Sp) og Vanja Ignjatic (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisjonsdirektør Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Torkel Myklebust og fung. rådmann Dagfinn Helland i sak 25/12 (kl.12.10-13.45)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 20/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL 23.08.12

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.08.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Tormod Skeie var ikkje samd i måten vedtaket i sak 19/12 var formulert. Følgjande tilleggformulering skulle takast med: « Utvalet ber revisor sende over ein prosjektplan for styring av byggeprosjekt». Utvalet sa seg samd i hans framlegg til endring.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.08.12 blir godkjent med følgjande tilføyning i vedtaket i sak 19/12: «Utvalet ber revisor sende over ein prosjektplan for styring av byggeprosjekt».

SAK 21/12 REFERATSAKER 14.11.12

- 25. Forum for kontrollutvalg i Rogaland - Høstkonferansen 2012, 01.11.12
- 26. Stat og kommune – styring og samspel. Konferanse i regi av Fylkesmannen
- 27. ByråkratiBarometer 2012
- 28. Kommunebarometer
- 29. Endeleg tilsynsrapport - Sand skule. Fylkesmannen i Rogaland
- 30. Endeleg tilsynsrapport – Vinjar skule. Fylkesmannen i Rogaland

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Det blei også informert om NKRF sin konferanse 6.-7. februar 2013. Informasjon og påmelding vil bli sendt ut til medlemmene i e-post.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Referatsakene 25-30 blir tatt til orientering.

SAK 22/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012-2015

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen dersom det vert behov for det.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Cicel Aarrestad gjorde kort greie for utkastet til plan for forvaltningsrevisjon, som var laga av Rogaland Revisjon IKS. Utvalet drøfta planen, blant anna om dei skulle prioritera dei ulike prosjekta i rekkefylje eller ikkje. Utvalet blei samd om å prioritera dei fire mest aktuelle prosjekta.

Desse blei prioritert: 1. Barnevern, 2. Styring av byggeprosjekter, 3. Helseavdelingen-organisering og arbeidsmiljø, 4. Arbeidsgiverpolitikk.

Dei andre områda skulle ikkje setjast i prioritert rekkefølje.

Rogaland Revisjon IKS endrar planen med desse prioriteringane før oversending til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Suldal kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 med dei endringane gjort i møte.

Kontrollutvalet si innstilling 14.11.12 til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen dersom det vert behov for det.

SAK 23/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2012-2016

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 for noverande kommunestyreperiode.

Gjeldande retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune vert vidareført for perioden.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen dersom det vert behov for det.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Utkastet til ny plan for selskapskontroll, laga av sekretariatet, blei drøfta. Leiar Sverre Underbakke gjekk frå som ugild ein periode, då utvalet drøfta om aksjeselskap med private eigarar skulle prioriterast for kontroll. Nestleiar Berit Myrland leia møte under desse drøftingane. Utvalet blei samde om kva dei ville prioritera høgast for selskapskontroll i perioden.

Desse blei prioritert: Eigarskapskontroll, dei 100 % kommunal eigde selskapa, Krisesenter Vest IKS.

Sekretariatet endrar planen med desse endringane før oversending til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Suldal kontrollutval vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 med dei prioriteringane gjort i møte.

Kontrollutvalet si innstilling 14.11.12 til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 for noverande kommunestyreperiode.

Gjeldande retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune vert vidareført for perioden.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen dersom det vert behov for det.

SAK 24/12 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON – BARNEVERN I SULDAL

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tingar ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i kommunen i fylgje vedlagte prosjektplan frå Rogaland Revisjon IKS.

Leiar får fullmakt til å godkjenne endelig prosjektplan innanfor dei økonomiske rammer utvalet har til rådvelde.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Utvalet hadde i sak 22/12 drøfta kva for prosjekt dei ville setja i bestilling fyst, enten barnevern eller byggesaker. Utvalet blei samde om å tinga både ein forvaltningsrevisjon av barnevernet og av byggesaker frå Rogaland Revisjon IKS

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Kontrollutvalet i Suldal tingar ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i fylgje vedlagte prosjektplan frå Rogaland Revisjon IKS.

Kontrollutvalet i Suldal tingar ein forvaltningsrevisjon av styring av byggeprosjekt frå Rogaland Revisjon IKS (prosjektplan blir utarbeid av Rogaland Revisjon)

Leiar får fullmakt til å godkjenne dei endelege prosjektplanane innanfor dei økonomiske rammer utvalet har til rådvelde.

SAK 25/12 PRESENTASJON AV REVISOR - OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Revisjonsdirektør Cicel T. Aarrestad orienterte inngående om Rogaland Revisjon IKS og om deira plan for revisjon av Suldal kommune for 2012.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

SAK 26/12 FORSLAG TIL MØTEPLAN FOR 2013

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2013:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Torsdag 31. januar	Kl. 10.00	
Torsdag 25. april	Kl. 10.00	<i>Kan bli endra</i>
Torsdag 23. mai	Kl. 10.00	
Torsdag 29. august	Kl. 10.00	
Torsdag 17. oktober	Kl. 10.00	
Torsdag 21. november	Kl. 10.00	

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Utvalet drøfta forslaget. Utvalet vart samd om at forslaget var bra, med endring av møtestart som blei satt til kl. 09.30.

Møte som var planlagt til 6. desember 2012 blei avlyst.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2013:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Torsdag 31. januar	Kl. 09.30	
Torsdag 25. april	Kl. 09.30	Kan bli endra
Torsdag 23. mai	Kl. 09.30	
Torsdag 29. august	Kl. 09.30	
Torsdag 17. oktober	Kl. 09.30	
Torsdag 21. november	Kl. 09.30	

**SAK 27/12 STATUSOVERSIKT PR. NOVEMBER –
OVER KONTROLLUTVALET SINE SAKER.**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tar statusoversikten for november 2012 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.12:

Utvalet var samd i at ein slik oversikt var nyttig og oversiktleg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.12:

Kontrollutvalet i Suldal tar statusoversikten for november 2012 til orientering.

Eventuelt

Leiar Sverre Underbakke tok opp om medlemmene ville ha tilsendt saker som var unntatt offentlighet, laga til dei kommunale utvala. Utvalet blei samd om at leiar fekk sakene tilsendt og sendte vidare dei sakene som han meinte alle medlemmene burde vera orienterte om.

Neste møte er 31.01.13, kl. 09.30
(6. desember blei avlyst)

Sand/Aksdal, 14.11.12

Sverre Underbakke
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	31.01.13	02/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERATSAKER**Vedlegg:**

1. Statusoversikt pr. januar 2013
2. Årsrapport og årsrekneskap for 2012 – frå Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
3. Medlemsbrev nr. 2/2012 frå FKT

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1 - 3 blir tatt til orientering.

Aksdal, 24.01.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær



Kontrollutvalet i Suldal

Statusoversikt januar 2013

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet


Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Barnevern i Suldal	14.11.12	150 timar		Våren 2013	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12			Våren 2013	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Overordna analyse	25.04.12	23.09.12			70 timar
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	25.04.12	14.11.12			
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2012-2016		14.11.12			Utarbeida av sekretariatet
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13		Hausten -13	Pris 3000 kr
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følg opp	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					



Årsrapport for 2012

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser.....	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen	3
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret	3
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	4
2.2 Margin	4
2.2.1 Margin for inntektsåret 2011.....	4
2.2.2 Margin for inntektsåret 2012.....	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år.....	6
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	6
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 30.06.2012.....	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat.....	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....	7
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen	7
3.3 Særnamskompetanse.....	7
4. Arbeidsgiverkontroll.....	7
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	7
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	7
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	8
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	8

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	1,3	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,3	23%
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	0,5	38,5%
Arbeidsgiverkontroll	0,4	30,8%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer	0	%
Skatteutvalg	0,01	0,8%
Administrasjon	0,09	6,9%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Arbeidet innan skatt og innfordring har i stor grad blitt utført av ein person. Det er tre personar ved kontoret som utfører oppgåver med betaling og bank.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Det har vore tilstrekkeleg med ressursar for å ivareta arbeidet ved kontoret på ein tilfredstillande måte i 2012. Situasjonen med ressursbruk og kompetanse er nå er under kontroll, men er noko forsinka i høve det som vart rapportert i 2011. Arbeidsgjevarkontrollen har tilstrekkelig med ressursar, men har grunna vanskar med å få inn rekneskap ei forskyving i rapportering frå 2012 til 2013. Difor er resultat noko dårlegare i 2012 enn 2011.

1.2 Internkontroll

Det er utarbeidd rutineskildring, verksemdplan og beskrivelse av internkontroll for kontoret. Det er utarbeidd rutineskildring for ein del oppgåver i Sofie, dette arbeidet fortsetter i 2013.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2012	kr 502 755 132
Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2011	<u>kr 461 898 465</u>
Differanse – meir inngang i 2012 enn 2011	<u>kr 40 856 667</u>

Auken fordeler seg slik:

Arbeidsgivaravgift	auke	kr 2 7 mill
Personlege skattytarar	auke	kr 12,2 mill
Selskapsskatt	auke	kr 26,1 mill
Renter/innfordring	nedgong	- kr 0,2 mill

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen år 2012	kr 129 926 397
Kommunen sin del av skatteinngangen år 2011	<u>kr 125 196 261</u>
Differanse - meir inngang i 2012 enn 2011	<u>kr 4 730 136</u>

Auken fordeler seg slik:

Etterskotspliktige	kr 0,9 mill
Forskotspliktige	kr 3,8 mill

1.4 Skatteutval

Det var handsama 1 sak i skatteutvalet i 2012. Søknaden blei avslått.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avleggelse av skatterekneskapen

Avleggelse av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune bekreftar at skatterekneskapen for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjere § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om føring av rekneskapen, rapporteringa og avleggelsen av skatterekneskapen frå regional kontrollenhet.

Årsrekneskapen for 2012 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

Innestående margin for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2012	kr 27 921 987
For mykje avsett margin for inntektsåret 2011	kr 851 268

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: mars 2006

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for inntektsåret 2012, pr. 31.12. 2012 kr 24 131 367

Gjeldende prosentats marginavsetning: 10 %.

3. Innfordring av krav**3.1 Restanseutviklinga****3.1.1 Totale restansar og berostilte krav**

Skatteart	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	4 358 702	160 154	2 741 968	160 154	+ 1 616 734	0
Arbeidsgiveravgift	43 749	0	2 908	0	+ 40 841	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	127 419	87 323	146 033	87 323	-18614	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	890 377	9 044	289 979	9 044	+ 600 398	0
Forskuddstrekk	0	0	0	0	0	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	37 848	6 723	34 666	6 723	+3 182	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	101 386	0	147 133	0	-45 747	0
Restskatt person	3 157 923	57 064	2 121 248	57 064	+1 036 675	
Sum restanse diverse krav	96 140	0	0	0		
Diverse krav	96146	0	0	0		
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	4 454 842	160 154	2 741 968	160 154	+ 1 616 734	

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restansaa

Det er ein auke i restansane frå 31.12.2011 til 31.12.2012 på kr 1 616 734 eller 58,9%. Restansen vedk. restskatt har auka med om lag kr 1 mill, og restansen vedk. forskotskatt har auka med om lag kr 600 000.

Det var ein auke i utlikna skatt frå 247,8 mill for inntektsåret 2010 til 261,6 mill for inntektsåret 2011.

Restskatten for 2011 var om lag 3,3 mill høgare enn restskatten for 2010. .

Det er ingen endring i berostilte krav frå 2011 til 2012.

Det er avskrevet 2 små beløp på til saman kr 523, som var forelda.

Det er utgiftsført kr 3931 i forseinkingsrenter i forbindelse med ei sak i skatteutvalet i 2011 der det blei gjeve rentefri utsetjing med betaling av restskatt

Det er foretatt nedsetjing av pensjonsgivande inntekt som har ført til nedskriving av restskatt på kr 10 984.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	440 862	430 811
2009	15 501	14 962
2008	110 157	92 146
2007 – 19XX	1 173 547	-----

3.1.4 Kommentarer til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Gi kommentarer til restanser for eldre år:

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2012: 8 krav

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2012: kr 8324

Gi kommentarer til restanseoppfølgingen for eldre år:

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2012. 1 krav er avskrevet i 2012. 6 av krava gjelder utenlandske skattytere som ikkje bor i Norge i dag. Har sendt sak over til skattekontoret.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012

Resultatkravet for restskatt 2010 var 95%, mens vi oppnådde 95,6%.
For innfordra restskatt var resultatkravet 65%, mens vi oppnådde 69,5%.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Det er innvilga 2 betalingsavtalar i 2012, mot 4 i 2011. Det er halde 5 utleggsforretningar i 2012, herav 1 med resultat "intet til utlegg".
Antall påleggstrekk er 18 stk. i 2012 mot 40 i 2011.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Det har ikkje vore spesielle forhold i rekneskapsåret som treng særskild omtale.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innfordringa

Skatteoppkrevjaren har ikkje konkrete tiltak for å betre effektiviteten i innfordringa, men me prøver alltid å bli meir effektive.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Suldal nyttar seg fullt ut av særnamskompetansen.

4. Arbeidsgivarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen

Suldal er med i Haugaland interkommunale arbeidsgivarkontroll som består av kommunane Bokn, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Haugesund og Karmøy. Ordninga består av 6,2 stillingar der Suldal har ein stillingsandel på 0,38 årsverk.

4.2 Planlagde og gjennomførde kontrollar

Antall planlagde kontrollar for 2012: 18

Som utgjør: 12,5 % av totalt antall leverandørar av LTO i kommunen.

Antall gjennomførde kontrollar 2012: 13

Som utgjør: 9 % av totalt antall leverandørar av LTO i kommunen.

Antall gjennomførde kontrollar i 2011: 17

4.3 Resultat frå arbeidsgivarkontrollen

Det er avdekka mindre beløp i 6 av 13 kontrollar, der arbeidsgivarane er bedt om å retta seg etter gjeldande reglar for ettertida.
Avgiftsgrunnlaget er auka med kr 17948.

4.4 Vurdering av arbeidsgivarkontrollen

Antall kontrollar er på eit tilfredstillande nivå.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det er ikkje gjennomført særskilde aksjonar i 2012.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det er gjeve informasjon i samband med gjennomgang av ettersynet med arbeidsgivarane.

Sted/dato:


Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2012 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsrekneskap for Suldal kommune skatterekneskap 2012. Avlagt etter kontantprinsippet.

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	25 487 276	27 156 772
	Skyldig skattecreditorer	-1 269 632	-3 814 964
	Skyldig andre	-86 274	-17 828
	Innestående margin	-24 131 367	-23 323 977
	Udisponert resultat	-2	-2
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-71 590 837	-68 803 435
	Personlige skatteyttere	-268 023 562	-255 836 623
	Selskapsskatt	-163 086 263	-136 982 697
	Renter	-132 822	-268 561
	Innfordring	78 352	-7 149
Sum		-502 755 132	-461 898 465
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	71 590 837	68 803 436
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	69 827 406	69 866 648
	Fordelt til Fylkeskommunen	26 454 137	24 809 364
	Fordelt til kommunen	129 926 397	125 196 261
	Fordelt til Staten	204 956 355	173 223 902
	Krav som er ufordelt	0	-1
	Videresending plassering mellom kommuner	0	-1 145
Sum		502 755 132	461 898 465
Sum totalt		0	0

15.1.13



Arnt Gunn Gundersen
skatteoppkrevjar

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrasket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



VEDLEGG SAR 2/13/

Medlemsbrev nr. 2 / 2012.

Dato: 5. desember 2012

ORGANISASJON & INFORMASJON.

Konferanser fra FKT i 2013:

- ❖ KONTROLLUTVALGENES EGEN **FAGKONFERANSE** MED ÅRSMØTE HOLDES **5. – 6. JUNI 2013.**
 - Gardermoen (Clarion Hotel Oslo Airport)
 - Juni er en fin årstid, og vi vil for 4. år på rad ha en sosial aktivitet integrert i opplegget.
 - Arbeid med program og sosial ramme pågår.
 - Program blir sendt ut i mars 2013.
 - Viser ellers til hjemmesiden www.fkt.no
 - Målgruppe: Kontrollutvalgene, deres sekretariater og andre med interesse for arbeidsfeltet.
- ❖ **SEKRETARIATSKONFERANSE** HOLDES **20. MARS 2013.**
 - Oslo (Thon Hotel Opera)
 - Målgruppe er hovedsakelig kontrollutvalgenes sekretariater.
 - Program blir sendt ut i månedsskiftet jan./febr. 2013.
- ❖ **PROP. 119 L (2011-2012). HVOR STÅR SAKEN NÅ?**
 - Omhandler endringer i kommuneloven mm. Det er denne stortingsproposisjonen som bl.a. har **forslag om åpne møter i kontrollutvalgene.** *Skaffet delte 01.01.14*
 - Her var det høring i Stortingets kommunal- og regionalkomite i november. Innstilling fra komiteen og første behandling i Stortinget er begge planlagt til desember 2012.
- ❖ **NYE ENDRINGER I KOMMUNELOVEN?**
 - FKT har fått tilsendt en høringssak fra KRD med forslag til endringer i kommuneloven og offentleglova (innbyggerinitiativ, revisors taushetsplikt, utsatt offentlighet).
 - Link: http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Horingsnotat_innbyggerinitiativ.pdf
 - Styret vil gi en uttalelse til deler av den innen **høringsfristen 26. febr. 2013.**
- ❖ **SAMARBEID MED ANDRE ORGANISASJONER.**
 - FKT inviterer til **kontaktmøte** med Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) 10. januar 2013. Her deltar styreleder, daglig leder og et styremedlem fra hver av organisasjon.
- ❖ **OG FORØVRIG...**
 - ... så vil FKT ønske våre medlemmer en fin adventstid, God Jul og et Godt Nyttår!

Med hilsen

Per Rune Vereide (s)
Styreleder i FKT

Hogne Haktorsen
Kontrollsjef / dagleg leder

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	31.01.13	03/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

BUDSJETT FOR SULDAL KOMMUNE 2013

Kontrollutvalet deltek ikkje i behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løpande drift. Difor bør det være fast praksis at kontrollutvalet får presentert dei økonomirapportar, budsjettframlegg og liknande styringsdokument som vart lagt fram for kommunestyret til orientering.

Rådmannen blir invitert til møte for å gi ein presentasjon av budsjett 2013 for Suldal kommune.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal tek rådmannens sin presentasjon av vedteke budsjett for 2013 til orientering.

Aksdal, 24.01.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

6/14

K-095/12 Vedtak:

1. Framlegg til Budsjett 2013 og Økonomiplan og Handlingsprogram 2013 – 2016 dagsett november .2012 vert vedteke.
- 2 Restmidlane, kr. 225.000,-, etter prosjektet Bygda mot straumen på Nesflaten vert omdisponert til tilskott til etablering av Nesflaten Landhandel AS.

Investeringar:

Uteområde Sand skule

kr 200.000 i 2013

Finansiert av driftsmidlerDrift:Handlingsprogrammet:

Side 51. Arbeidsgjevvarpolitikk

Forslag til tiltak:

Leggja til rette for utprøving i arbeidslivet i samarbeid med NAV kr 500.000 i heile økonomiplanperioden.

Kommunale bygg og eigedomar:

Strategi 1: Nytt tiltak 1.3 føreslått i LMT-utvalet. Skal vera tiltak 1.4.

Budsjettvedtaket:

Pkt 5f handsamingsgebyr kr 5.000

Driftsbudsjettet

Rådmannen får i oppdrag å utgreia/føreslå tiltak som legg opp til/sikrar at Suldal kommune også i neste 4 års periode har eit netto driftsresultat på min 5%. Forslaget skal utarbeidast i samband med arbeidet med neste års økonomiplan med handlingsprogram.

Nytt punkt 1.5 under organisasjonspolitik, hovudstrategi 1:

Driftsbudsjett i handlingsplan skal settast opp slik at viktige hovudpostar innanføre kvart tenesteområde vert synleggjort og dei skal samanliknast med Kostratal der dette er mogleg. Års- og tertialrapporter skal følgje same oppsett slik at tala kan samanliknast med budsjett.

Suldal barnehage

Tiltaka 1.4 og 1.6 går ut

Nye tiltak:

- Endra vedtektene slik at det vert 2. hovedopptak pr år, med søknadsfrist 01.03 og 01.10.
- Endra til 2 teljedatoar i året 01.01 og 15.08 og endra teljemåten til statleg norm når det gjeld areal.
- Ubunden tid på dei største barnehagane skal dekkast opp med vikar med inntil 4 timar pr avdeling.
- Opningstida i barnehagane kan vera: 07.00 - 16.30
- Auka driftsramme bemanning med 1,5 millionar mellombels for 2013, medrekna endring i ubunden tid, opningstid og auka kostnader til vikarar for å imøtekoma endringar i samfunnet og foreldra sitt feriemønster.

Rådmannen får i oppdrag å, i løpet av 2013, å utgreia alternative løysingar for å dekkja ein framtidig auke i barnetalet, med forslag til val av alternativ.

Oppvekst

Rådmannen får i oppdrag å leggja fram sak om å vurdere å oppretta oppvekstsenter i Marvik i samband med budsjettframlegg 2014.

Viltfondet

Det vert avsett kr 100 000 ekstra til viltfondet i 2013.

Kommunale bygg og eigedommar.

Hovudstrategi 1

Nytt: 1.4:Det skal utarbeidast vedlikehaldsplanar for vegar, kaiar og bruer med eiga sak til politisk handsaming

Nytt tiltak 3.1 under hovudstrategi 3:

For å få redusere kommunen sin eigedomsmasse og få ned driftskostnadane skal det gjerast ei vurdering kva for kommunale bygg som kan seljast. Eiga sak skal leggjast fram for politisk handsaming.

Skule

Rådmannen får i oppdrag å utgreie/leggje opp til sak om digital kompetanseutvikling i skulen i samband med utarbeiding av budsjett for 2014.

Det vert sett av kr 200 000 til 4.1 opplæring av framandspråklege i 2013. Finansiert med integreringstilskotsfondet.

Spelemidler

Pkt. 2 Lysløype Mosvatnet. Totalkostnad endra til 1296 996 Kommunal del endra til Kr 545 000.

Budsjettvedtak

C. Godtgjersle

Pkt 2

Varaordførar skal frikjøpast i 20 % stilling.

Pkt 11

Politikar godtgjersla skal regulerast den 01.01. i budsjettåret.

Rådmannen får i oppgåve å laga eit regelverk for trinnvis privat utbygging av kommunale bustadfelt.

Auka kostnader vert saldert mot avsetjing til disposisjonsfondet.

Investeringar.

	2013	2014	2015	2016
Parkering Vanvik skule.	500	-500		
Stokkavågen reg.	300			
Kjølvikstølen bustadfelt, opparb.	500	1000	fram eit år	
Kommunalt bustadfelt på Suldalsosen.		500		
Bustadfelt 4.038.01.01 Veg til Mehushaugen	vert flytta til 2013. I denne samanheng skal alternativ vegtrase vurderast.			

Saldert mot opptak av lån.

Omsorg og rehabilitering.

Redusera tiltak 1.4 med 50 % til kr 320 000.

Gravferdsbyrå

Gravferdstenestene i kommunal regi vert ikkje endra.

Auka kostnader vert saldert mot avsetjing til disposisjonsfondet.

Bustadfelt i Erfjord.

Tomta på Bogslia er innkjøpt og i kommunal eige. Her må det lagast reguleringsplan.

Framlegg til vedtak:

Bustadfelt i Erfjord.

1. Rådmannen får i oppgåve å regulera den kommunale tomte «Bogslia» til bustadføre mål.

2. Det blir sett av kr 300.000 i investeringsbudsjettet for 2013 til utarbeiding av reguleringsplan for Bogslia bustadfelt.

Rådmannen får i oppdrag å leggja til rette for samla privat utbygging av leiligheter med livsløpsstandard på Lunsdestykket/Grushålo på Suldalsosen.

INVESTERINGSBUDSJETTET:

Symjehall / Badeanlegg

Suldal kommune ønskjer å byggja eit nytt badeanlegg av med nøktern standard innanføre ei kostnadsramme på 66 mill. kroner pluss momskompensasjon.

Rådmannen får i oppdrag å planleggja prosjektet og leggja fram eit skisseprosjekt i løpet av 2013 med sikte på ferdigstilling av anlegget i 2016. Før handsaming av økonomiplan og budsjett for 2014 skal rådmannen også leggja fram forslag til finansiering og driftsbudsjett.

Endring av investeringsbudsjettet under kultur:

	2013	1.000.000
2014	5.000.000	
2015	40.000.000	
2016	20.000.000	

Investering

Uteområdet Erfjord skule: Det vert sett av 50 000 i 2013 og 250 000 i 2014.

Uteområdet Sand skule. Beløpet vert auka med 100 000 til 300 000 i 2013.

A. Organisasjonspolitikk

Tiltak 0.3 Revisjon av målbruksplanen i 2014.

1.7 organisasjonspolitikk:

I økonomiplanen skal det tas med plan for bruk av konsesjonskraftinntektene i heile planperioden.

Driftsbudsjettet:

Fond

Det skal knytast følgjande vilkår for bruk av fondet:

- Støtta skal kunne gis til førstegangsetablerarar under 30 år
- Støtta skal ikkje kunne gis til luft til luft varmepumpeanlegg
- Støtta skal kun gis til nye bustader.

- Støtta skal dekkja inntil 30% av dokumenterte kostnader knytt direkte til anlegget.
- Det vert delegert til rådmannen å gi støtta etter desse vilkår og innføre budsjetttramma.

Sand, 05.11.2012

Dagfinn Helland
Rådmann

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	31.01.13	04/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2012

Saksvedlegg: Forslag til årsmelding for 2012

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2012 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2012 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 24.01.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kontrollutvalget i Suldal

ÅRSMELDING

2012

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2011-2015.

For perioden 2011-2015 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Sverre Underbakke - leiar
Berit Myrland – nestleiar
Solveig Sukka
Vanja Ignjatic
Tormod Skeie

Vararepresentantar:

Ole-Johan Østebø
Hans Sæter
Sonja Fosse

Sverre Underbakke sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

Kontrollutvalet har i 2012 hatt 4 møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt 27 saker til handsaming og 30 saker til orientering.

Utvalet sine 5 medlem deltok på Norges Kommunerevisorforbund sin Kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 1.-2. februar 2012. På konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Trondheim 6.-7. juni 2012 deltok Sverre Underbakke, Berit Myrland og Solveig Sukka.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved gjennomgang av tertialrapportar og orientering frå rådmannen. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

4.2 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 25.04.12 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2011. Utvalet hadde ikkje merknader til rekneskapet. I same møte handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, heller ikkje her hadde utvalet merknader. Skatterekneskapen for 2011 vart lagt fram til orientering i møte 09.02.12

4.3 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda.

Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til plan og overordna analyse blei utarbeida av Rogaland Revisjon. Kontrollutvalet arbeida med planen og analysen gjennom store deler av 2012. Utvalet vedtok planen i november 2012. Endeleg vedtak vil bli gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har dette året ikkje handsama nokon forvaltningsrevisjonsrapport, men dei har tinga 2 rapportar frå Rogaland Revisjon. Den eine om barnevernet, den andre om styring av byggeprosjekt – begge rapportane er venta ferdige på vårparten 2013.

4.4 SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til ny plan blei utarbeida av sekretariatet og vedteke av utvalet i november 2012. Endeleg vedtak vil bli gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har ikkje handsama nokon rapport frå selskapskontrollar dette året. Dei tinga, saman med dei andre eigarkommunane, ein kontroll av Interkommunal Arkiv IKS i byrjinga av året – rapport frå denne kontrollen er venta og verta ferdig på nyåret 2013.

4.5 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Suldal kommunestyret vedtok i 2011 og seie opp avtalen med Haugaland Kommunerevisjon. Det tidligare interkommunale samarbeidet blei oppløyst frå 30.06.12

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og Rogaland Revisjon blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12. og fram til 2015.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Rogaland Revisjon har delteke på kontrollutvalet sine møte i haust. Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2012 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 974.000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei stifta i 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Rådgjevar hadde fedrepermisjon i 12 veker på våren og valde så og seie opp i prøvetida. Ny rådgjevar blei tilsett 01.08.12. For dagleg leiar har det vore eit svært travelt år med nye folkevalde, nytt styre og representantskap, konkurranseutsetting av revisjon, sørgje for at planarbeidet kom i hamn og tilsetting av ny rådgjevar. Sekretariatet har no kontakt og samarbeid med 4 revisjonselskap.

Sverre Underbakke er vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2012 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn forventa. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for dei neste fire år. Ved sekretariatet har permisjon og skifte av rådgjevar ført til at det har vore eit svært travelt år.

Sand, 31. januar 2013

Berit Myrland
(Sign)

Sverre Underbakke
leiar
(Sign)

Solveig Sukka
(Sign)

Vanja Ignjatic
(Sign)

Tormod Skeie
(Sign)

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2012

Saker til behandling:

- 01/12 Godkjenning av protokoll 15.12.11
- 02/12 Referatsaker 08.02.12
- 03/12 Suldal kommune sitt budsjett 2012
- 04/12 Årsmelding Suldal kontrollutval 2011
- 05/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2011-2015 (leveras ut i møte)
- 06/12 Revisor si egenerklæring

- 07/12 Godkjenning av protokoll 09.02.12
- 08/12 Referatsaker
- 09/12 Suldal kommune sin rekneskap 2011
- 10/12 Uttale til Suldal elverk sin rekneskap 2011
- 11/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015
- 12/12 Årsmelding Suldal kontrollutval 2011
- 13/12 Selskapskontroll i Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS

- 14/12 Godkjenning av protokoll 25.04.12
- 15/12 Referatsaker 23.08.12
- 16/12 Revisor si egenerklæring
- 17/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013
- 18/12 Kontrollutvalet sine oppgaver og ansvarsområde knytte til forvaltningsrevisjon
- 19/12 Overordna analyse – ny plan for forvaltningsrevisjon – oppstart av prioriteringsarbeidet

- 20/12 Godkjenning av protokoll 23.08.12
- 21/12 Referatsaker 14.11.12
- 22/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015
- 23/12 Plan for selskapskontroll 2012-2015
- 24/12 Bestilling av forvaltningsrevisjon – Barnevern i Suldal
